

Gruppeundervisning 1

I. *Ser/estar* + adjetivos

- Vi brukar vanlegvis *ser* for å beskrive eller identifisere personar eller gjenstandar. Relativt varige eigenskapar eller karakteristika:
 - Eres muy guapa.
 - Juan es muy serio.
- Vi brukar vanlegvis *estar* for å beskrive noko subjektivt, mellombels, kva slags **tilstand** noko/nokon er i:
 - Estás muy guapa esta noche.
 - Juan está muy serio hoy.

Gruppeundervisning 2

I. El pretérito perfecto (de indicativo)

- Perfektum/*pretérito perfecto* blir danna ved å setja saman presens indikativ av hjelpeverbet *haber* med partisippet/*participio* av eit hovudverb.
- Hjelpeverbet *haber* har uregelrett bøyning i presens indikativ:

	<i>haber</i>
<i>yo</i>	he
<i>tú</i>	has
<i>él, ella, usted</i>	ha
<i>nosotros, -as</i>	hemos
<i>vosotros, -as</i>	habéis
<i>ellos, ellas, ustedes</i>	han

- Regelrette partisipp blir danna ved å erstatte *-ar* med *-ado* og *-er/-ir* med *-ido*:

<i>Participios regulares</i>			
<i>Verbos en -ar</i>		<i>Verbos en -ir/-er</i>	
hablar	hablado	tener	tenido
estar	estado	salir	salido
etc.		ser	sido
		ir	ido
		etc.	

- Somme vanlege verb har uregelrett partisipp:

<i>Participios irregulares</i>	
abrir	abierto
decir	dicho
escribir	escrito
hacer	hecho
morir	muerto
poner	puesto
romper	roto
ver	visto
volver	vuelto

- Hjelpeverbet blir bøygd i samsvar med subjektet, mens partisippet er ubøygd:
 - Esta mañana me **he levantado** a las seis.
 - Las últimas semanas **hemos esquiado** mucho.
 - En este siglo ya **ha habido** varias guerras.
 - Hoy **ha llovido** mucho.
 - No **he estado** nunca en España.
 - **He abierto** la puerta.
 - No lo **he dicho** yo.
 - **Ha muerto** el pájaro de mi hermana.
 - Juan **ha roto** los vasos.
 - **¿Has visto** la última película de Amenábar?
- På spansk kan vi bruke *pretérito perfecto* omtrent som på norsk, altså med avslutta handlingar som vi likevel ser på som ein del av nåtida. Vi brukar derfor også helst *pretérito perfecto* saman med nåtidsadverbial: *hoy, esta mañana, este siglo, algunas veces, siempre, nunca, etc.*

II. Los pronombres átonos (los pronombres objeto)

- På spansk har vi tre seriar med trykklette (personlege) pronomen - direkte objektspronomen, indirekte objektspronomen og refleksivpronomen. Men bare i 3. person er det ulike former:

<i>Persona y número (+ género)</i>		<i>pronombre objeto directo</i>	<i>pronombre reflexivo</i>	<i>pronombre objeto indirecto</i>
1ª		me		
2ª		te		
3ª	m	lo	se	le
	f	la		
1ª		nos		
2ª		os		
3ª	m	los	se	les
	f	las		

- Objektspronomena står i staden for eit substantiv med same funksjon. Vi brukar pronomena når konteksten gjer det kjent kva det er snakk om:
 - ¿Has escrito **la carta**? Sí, ya **la** he escrito. (OD)
 - ¿Has escrito **a Juan**? Sí, ya **le** he escrito. (OI)
 - ¿Has escrito **la carta a Juan**? Sí, ya **se la** he escrito. (OI+OD)
- Dei trykklette pronomena står framfor det bøygde verbet. Dersom eit direkte objektspronomen står saman med eit indirekte, er rekkjefølgja OI OD. Dersom begge er tredjepersonspronomen, vil /e gjerast om til *se*.